

Referat frå elevråd 20.05.25

Tilstades; Jenny, Jonas, Lilja, Jens, Trym, Ingveig og Kristin

Saker;

45) Leirskule, evaluering. Klassane har diskutert om dei vil reisa med 6. og 7. klasse i lag slik som no, eller om 6. klasse skal reisa aleine med Bryne skule. Fleire av klassane var delte i kva dei ynskja, medan ei klasse var for å reisa aleine og ei klasse var klar på at dei ynskja å reisa i lag. Argumenta for å reisa aleine er at då vert ein kjend med dei frå Bryne som ein skal gå på ungdomsskulen med. Mange kjenner òg fleire frå før, frå fritidsaktivitetar. Medan dei som ynskja å reisa i lag framheva at det kan vera litt skummelt reisa t.d sju stk. medan Bryne skule reiser med 60-70 stk. Det er uansett ikkje stor aldersskjel på 6. og 7. klasse, og ein vert kjend i løpet av veka. Rektor vil ta innspela med seg til FAU-møte neste veke, og skulen ei avgjerse i etterkant.

46) Tilbakemelding etter elevundersøkinga og spørsmål knytt til mobbing. Klassane har svara på spørsmål om kvifor nokon på Hognestad skule kan kjenna på at dei er redde for å verta mobba og om dei veit kva dei kan gjera dersom dei ser at nokon vert mobba eller høyrer krenkande kommentarar.

På spørsmålet om kvifor nokon kan kjenna seg redde for å verta mobba svara klassane at det kan vera at dei har sett andre bli mobba og skjønt kor fælt det er. Det er ingen som liker å verta mobba, det er ein dårleg følelse.

På spørsmålet om ein veit kva ein kan gjera svara klassane at dersom ein er tøff nok kan ein sjølv sei frå til den som mobbar eller seier krenkande ting at den må stoppa. Elles kan ein springa til ein vaksen og sei frå. Du kan også sei frå at du ikkje likar at han eller ho seier slike ting til ein ven (trossa mobbaren). Det kom òg forslag om å ignorera kommentarane eller å snu det om til noko positivt. Døme på det er å klara å svara tilbake på kommentarane på ein måte som gjer at dei misser effekten.

Kva kan me bruka desse gode innspela til? Kan me laga plakatar til klassane? Laga rollespel som viser korleis det går om nokon ikkje grip inn, eller kva som skjer dersom nokon grip inn i ein vanskeleg situasjon? Kan me laga små filmar som viser dette? Elevrådet arbeidar vidare med dette etter sommarferien.

47) Anna

- **Evaluering av 17.mai. Kva er bra og kva kan verta betre?**

Gildt at det var mykje god song spesielt frå småtrinnet. Nokre gav tilbakemelding om at det var gildt med vann gevær i fiskedammen. Gildt at me kan kjøpa pizza i kaféen. Positivt at ein kan betala med pengar òg, ikkje berre Vipps.

Kva kan verta betre? Dumt at det berre er nokre som får respons på å ropa td. «gje meg ein H» og skapa liv i toget. Burde vore slik at ein heia fram heile skulen, ikkje berre ein

klasse. Det var òg fleire tilbakemeldingar om fiskedammen, at det vart litt urettferdig at nokon kunne få 16 ting, medan andre berre fekk eìn ting, fordi det vart for få premiar.

- **Tekst til heimesida;** Elevrådet støttar at teksten kan stå på heimesida.

Referent

Kristin Sando

Elevrådskontakt